**Statens vegvesen**

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgt. 7b
5059 BERGEN

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/Innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Anne Marta B. Espelund - 55516432 | 2010/229988-004 | | 17.06.2011 |

## Uttale - Radøy kommune. Reguleringsplan for Fløholmen næringsområde og småbåthamn med fylkesvegarm.

Viser til telefonsamtale 17. juni 2011 og brev frå Siv. ing. Vidar Mjøs dagsett 3. mai 2011: *Radøy kommune. Gnr. 27 bnr. 12. FLØHOLMEN AS. Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.*

I vår uttale til oppstartsvarselet i brev av 1. desember 2010 hadde vi merknader til at fv 414 bør oppgraderast før vi kan tillate ei auke i trafikkmengda som skissert i oppstartsvarselet. I ovannemnde brev frå Siv. ing. Vidar Mjøs står det mellom anna at *"Fylkesvegen vil kunna handterast som ei reguleringssak for seg. Det bør på førehand avklarast kven som skal stå for planarbeidet og plangjennomføringa, og korleis kostnadane skal fordelast."* I ovannemnde telefonsamtale gjekk det fram at trafikkmengda til industriområdet er relativt låg, og at det ikkje er konkrete planar om industri som vil føre til ei vesentleg auke i trafikkmengda.

Vi har vurdert saka på ny. ÅDT på vegen er om lag 100 i dag. Med denne trafikkmengda kan det aksepterast at mjuke trafikantar nyttar kjørebana. Vårt krav om at vegen skal takast med i reguleringsplanen, som einfeltsveg med møteplassar og tilhøyrande fortau, står likevel ved lag. Vi vil ikkje krevje at utbetringa vert sett som eit krav til rekkefølgje i føresegnene til planen. Dersom det skjer ei utvikling av industriområdet, som fører til ei betydeleg auke i trafikken, kan det verte aktuelt å krevje utbetring av vegen som eit trafikksikringstiltak.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta B. Espelund
Anne Marta B. Espelund


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen